

Generelt om basis-lovnorma:

Idrettslag skal ha lover som er i samsvar med lovnorm vedtatt av Idrettsstyret. Det enkelte idrettslag si lov skal vere godkjend av Idrettsstyret, jf. NIF-lova §§ 10-5 og 2-15.

NIF-lova og basis-lovnorma skal leggjast til grunn i alt lovarbeid i idrettslaga. Dersom lag som er medlem av NIF har lover som er i motstrid med NIF-lova, vil laget si lov vere tilsvarande ugyldig.

Dette er ei ufråvikeleg basis-lovnorm som inneheld minimum av det alle idrettslag må ha i si lov. Ved endring av lova kan idrettslaga leggje til det dei ynskjer og som vert rekna som nødvendig for idrettslaget, så lenge tilleggga ikkje er i strid med NIF-lova, basis-lovnorma eller andre vedtekter. Spesielt vil dette gjelde reglar om den interne organiseringa av idrettslaget i grupper og avdelingar, og om desse skal vere representerte i hovudstyret, jf. lovnorma § 12 pkt. 9 og § 16.

Nye idrettslag må ved innmelding i NIF bruke lovnorma som si lov, men kan etter at laget er tatt opp i NIF endre lova, jf. NIF-lova § 1-6 (merk at også desse endringane skal godkjennast av NIF).

Lov for Idrottslaget Gular med undertittel Bygdeungdommen i Bergen skipa 25.09.1946

Vedtatt den 3.06.1946 med seinare endringar, seinast av 24. mars. 2011

Godkjend av Idrettsstyret den 18. mai 2011

§ 1 Føremål

Idrottslaget sitt føremål er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).

Arbeidet skal pregast av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

§ 2 Organisasjon

Idrottslaget er medlem av NIF gjennom Hordaland idrettskrets.

Idrottslaget er medlem av dei særforbunda som laget sitt årsmøte bestemmer.

Idrottslaget høyrer heime i Bergen kommune, og er medlem av Idrettsrådet i Bergen.

Idrottslaget er sjølveigande og frittstående med utelukkande personlege medlemmer¹.

Reglane i NIF-lova kapittel 1, 2, 10 11, 12, 13 og 14 gjeld for idrettslaget uavhengig av kva som måtte stå i idrettslaget si eiga lov.

¹ Personlege medlemmer betyr at idrettslaget ikkje har høve til å operere med andre slag medlemskap, som til dømes familiemedlemskap og firmamedlemskap. Enten er ein personleg medlem eller så er ein ikkje medlem. At det vert innført familiekontingent er å sjå på som ei rabattordning, og har ikkje noko med sjølve medlemskapen å gjere.

§ 3 Medlemer

Alle som aksepterer idrottslaget og overordna idrettsorgan sine lover og vedtekter kan bli tatt opp som medlem².

Dessutan må alle som er medlem følge lovene til NIF, andre organisasjonsledd og idrottslaget sine egne lover og vedtekter.

Ein søkjar kan ikkje bli medlem utan at økonomiske plikter til andre organisasjonsledd i NIF er gjort opp.

Medlemskap i laget er først gyldig og vert rekna frå den dag første kontingent er betalt.

Alle idrettslag pliktar å føre elektroniske medlemslister i idretten sitt nasjonale medlemsregister i tråd med retningslinjer gitt av Idrettsstyret

§ 4 Medlemskontingent og avgifter

Medlemskontingenten vert fastsett av årsmøtet og skal betalast på forskot.

Andre avgifter/eigendeler kan krevjast for deltaking i aktivitetstilboda i laget.

§ 5 Kven har stemmerett og kven kan veljast

For å ha stemmerett må ein medlem vere fylt 15 år, og hatt gyldig medlemskap i minst 1 månad og ha oppfylt medlemskrava, jf. NIF-lova § 2-5. Ingen kan møte eller stemme ved fullmakt, jf. NIF-lova § 2-9.

Alle medlemer som har stemmerett kan veljast til tillitsverv i laget, og som representant til ting eller møte i overordna organisasjonsledd. Ein tillitsvald kan derimot ikkje samtidig vere arbeidstakar i laget. Spelar/utøvar med kontrakt og medlemskap i laget kan like fullt veljast som representant til ting eller møte i overordna organisasjonsledd.

Medlemer som skuldar kontingent har ikkje stemmerett, kan ikkje veljast og kan ikkje vere representant til ting eller møte i overordna organisasjonsledd. Medlem som skuldar kontingent for meir enn eitt år, kan av styret strykast som medlem i idrottslaget³. Dersom medlemmen, ved forfall, skuldar kontingent for 2 år, skal medlemskapen avsluttast ved stryking frå idrottslaget si side. Når ein medlem vert strøken, kan vedkomande ikkje takast opp att før skuldig kontingent er betalt.

² Når det står "kan bli tatt opp som medlem" tilseier dette at ingen har krav på å bli medlem. Lovutvalet har meldt at med bakgrunn i korleis vedtekta vart til, har eit idrettslag rett til å avslå ein opptakssøknad i heilt spesielle tilfelle. I tilfelle tvist avgjer idrettskretsen om søkjaren kan takast opp. Kretsen si avgjerd kan ankast til Idrettsstyret innan 14 dagar etter at rekommandert melding er sendt til dei partane saka gjeld.

³ Skuldig kontingent må forståast å vere manglande innbetaling i høve til den betalingsfristen som styret har sett ved utsending av kontingentkravet. Skuldig kontingent for meir enn eitt år må forståast slik at det kan gjennomførast stryking etter ordinært årsmøte og når det er vedtatt kontingent for nytt driftsår. Laga vert oppfordra til å innarbeide gode rutinar i høve til stryking.

§ 6 Godtgjersle til tillitsvalde

For refusjon av utgifter og godtgjersle til idrottslaget sine tillitsvalde gjeld:

Tillitsvald kan få refusjon for nødvendige, faktiske utgifter, inkludert tapt arbeidsforteneste, som vedkomande vert påført i utføringa av vervet. Tillitsvald kan ta i mot ei rimeleg godtgjersle for arbeidet sitt. Utgifter til tapt arbeidsforteneste og til godtgjersle skal gå fram av budsjett og rekneskap.

§ 7 Kjønnfordeling

Ved val/oppnemning av representantar til årsmøte/ting, samt medlemmer til styre, råd og utval osv. i NIF og NIF sine organisasjonsledd skal det veljast kandidatar/representantar frå begge kjønn.

Samansetjinga skal vere høvesvis i samsvar med kjønnfordelinga i medlemsmassen, likevel slik at det skal vere minst to representantar frå kvart kjønn i styre, råd og utval osv. med meir enn 3 medlemmer. I styre, råd og utval osv. som har 2 eller 3 medlemmer skal begge kjønn vere representert. Varamedlemmer tel ikkje med ved utrekninga av kjønnfordelinga.

Idrettsstyret⁴ kan når det ligg føre særlege tilhøve gjere unntak frå denne regelen.

§ 8 Inhabilitet⁵

Tillitsvalde, oppnemnde representantar og tilsette er inhabile til å tilretteleggje grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerda:

- a) når vedkomande sjølv er part i saka
- b) når vedkomande er i slekt eller svogerskap med ein part i oppstigande eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som søsken
- c) når vedkomande er gift med eller er forlova eller sambuer med ein part
- d) når vedkomande er leiar for eller har leiande stilling i eller er medlem av styret i eit selskap som er part i saka.

Sameleis er tillitsvalde, oppnemnde representantar og tilsette inhabile når andre særeigne tilhøve ligg føre som kan svekke tilliten til om vedkomande er upartisk, mellom anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan gi særleg fordel, tap eller ulempe for vedkomande sjølv eller nokon som vedkomande har nær personleg tilknytning til. Det skal også leggjast vekt på om inhabilitetsmotsegn er reist av nokon part.

Inhabilitetsspørsmålet vert avgjort av det aktuelle organet⁶.

Inhabilitetsreglane skal ikkje brukast dersom det er innlysande at den tillitsvalde eller tilsette si tilknytning til saka eller partane ikkje vil kunne påverke vedkomande sine standpunkt og at idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande bør vike sete.

Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i det same organisasjonsleddet.

Med part vert det her meint tillitsvalde, oppnemnde representantar og tilsette som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.

⁴ Myndighet er delegert, jf. Delegasjonsreglement.

⁵ Teksta i denne § kan erstattast med: "For inhabilitet gjeld NIF- lova § 2-7."

⁶ Inhabilitetsreglane gjeld ikkje på årsmøtet.

§ 9 Straffesaker

For alle straffesaker gjeld NIF-lova kapittel 11 og 12 (NIF sine straffevedtekter).

§ 10 Årsmøtet

Idrottslaget sitt øvste organ er årsmøtet som vert halde kvart år i mars⁷ måned.

Styret kallar inn til årsmøte minst ein måned på førehand⁸, direkte til medlemene og/eller ved kunngjering i pressa, eventuelt på idrottslaget si internettside. Forslag som skal handsamast på årsmøtet må vere sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med forslag må vere tilgjengeleg for medlemene seinast ei veke før årsmøtet.

Alle medlemene i idrottslaget har tilgjenge til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vere til stades, eventuelt vedta at årsmøtet berre er ope for medlemmer.

Lovleg innkalla årsmøte er vedtaksført dersom det møter eit tal medlemmer som minst svarar til talet på styremedlemmer. Dersom årsmøtet ikkje er vedtaksført, kan det innkallast til årsmøte på nytt utan krav om minimumsdeltaking.

På årsmøtet kan det ikkje handsamast forslag om lovendring som ikkje er oppført på utsend/kunngjord sakliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei med stemmerett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning av saklista.

§ 11 Leiing av årsmøtet

Årsmøtet vert leia av vald(e) dirigent(ar). Dirigenten/-ane treng ikkje vere medlem av idrettslaget.

§ 12 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal⁹:

1. Godkjenne dei som har stemmerett
2. Godkjenne innkallinga, saklista og møtereglane
3. Velje dirigent(ar), sekretær(ar)¹⁰ og 2 representantar til å skrive under protokollen
4. Handsame idrottslaget si årsmelding, irekna eventuelle gruppeårsmeldingar
5. Handsame idrottslaget sin rekneskap i revidert stand¹¹
6. Handsame innkomne forslag og saker
7. Fastsetje medlemskontingenten
8. Vedta idrottslaget sitt budsjett.
9. Handsame idrottslaget sin organisasjonsplan¹²

⁷ Idrettslag må avholde årsmøte for behandling av foregående års regnskap innan utløpet av juni året etter.

⁸ (Minimumsfrist i høve til NIF-lova § 2-8.

⁹ Dersom saklista ikkje kan fullførast, kan det innkallast til framhaldande årsmøte. Slik innkalling skjer på tilsvarande måte som for ordinært årsmøte, men eventuelt med kortare frist godkjend av årsmøtet. Framhaldande årsmøte kan berre handsame saker som var med i godkjend sakliste for årsmøtet.

¹⁰ Sekretæren/-ane treng ikkje vere medlem i idrettslaget

¹¹ Rekneskap og budsjett for idrettslag som er organisert med grupper/avdelingar, skal også omfatte rekneskap og budsjett for desse, og skal følgje oppsettet i Idrettens kontoplan. Dette følgjer av at grupper/avdelingar i eit idrettslag aldri kan vere eigne juridiske og økonomiske sjølvstendige einingar, då laget elles ikkje lenger ville vere eitt idrettslag. Viser elles til § 16 i laget si lov

10. Gjere følgjande val:
- a) Leiar og nestleiar
 - b) 3 styremedlemer¹³ -og 3 varamedlemer
 - c) Andre val i høve til årsmøtevedtatt organisasjonsplan, jf. § 12 pkt. 9.
 - d) 2 revisorar¹⁴
 - e) Representantar til ting og møte i dei organisasjonane som idrettslaget er tilslutta
 - f) Valkomité med leiar og 2 medlemer og 1 varamedlem for neste årsmøte.

Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemene til styret skal veljast samla. Deretter vert varamedlemene valde samla, og ved skriftleg val vert rekkjefølgja avgjord i høve til stemmetala.

Vala skjer i samsvar med NIF-lova § 2-11.

Arbeidstakar innan eit organisasjonsledd kan ikkje veljast til verv i eige eller overordna organisasjonsledd. Ein arbeidstakar i eit allianseidrettslag eller lag organisert av allianseidrettslaget kan ikkje veljast til verv i allianseidrettslag eller i lag organisert av same allianseidrettslag. Tillitsvalt som får relevant tilsetjing i perioden pliktar å gå frå tillitsvervet. Idrettsstyret kan gi dispensasjon.

Person som sjølv har samarbeidsavtale med organisasjonsledd, eller er styremedlem, tilsett i leiande stilling eller er aksjonær med vesentleg påverknad i ein juridisk person som organisasjonsleddet samarbeider med, kan ikkje veljast til verv innan organisasjonsleddet. Avgrensinga gjeld likevel ikkje for styremedlem oppnemnt av organisasjonsledd. Tillitsvalt som får ein slik samarbeidsavtale, styreverv, tilsetjing eller eigardel i juridisk person, pliktar å gå frå tillitsvervet. Idrettsstyret kan gi dispensasjon.

§ 13 Stemmegjeving på årsmøtet

Med mindre anna er lovfesta skal eit vedtak for å vere gyldig ha fått vanleg fleirtal av dei avgjevne stemmene.

Val skjer skriftleg dersom det ligg føre meir enn eitt forslag eller det vert fremja krav om det.

Dersom det skal vere skriftlege val, kan det berre førast opp kandidatar som det er gjort forslag om på stemmesetelen. Stemmesetlar som er blanke, eller som inneheld kandidatar som det ikkje var forslag om, eller som ikkje har det talet det skal stemmast over, tel ikkje, og stemmene vert rekna som ikkje avgjevne.

Når eit val skjer enkeltvis og ein kandidat ikkje får meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer. Er det ved omval stemmelikskap, vert valet avgjort ved loddtrekning.

¹² Organisasjonsplanen skal regulere den interne organiseringa i idrettslaget. Minimumsinnhaldet i organisasjonsplanen er oversyn over tillitsvalde i tillegg til styret og dei andre lovfesta tillitsverva.

¹³ Talet på styremedlemer og varamedlemer vert fastsett ved vedtaking av lova, minimum 1 styremedlem og 1 varamedlem. Det er ikkje noko i vegen for at styremedlemene kan veljast til spesifikke oppgåver

¹⁴ Idrettslag med årleg omsetning på meir enn kr 5.000.000,- pliktar å ha engasjert revisor, jf. NIF-lova § 2-17. Idrettslag som kjem inn under denne regelen må ta inn nytt punkt 10 i § 12: «Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere idrettslaget sitt rekneskap.» – og med tilsvarande forskyving av neste punkt. Vidare må § 12 (nytt) pkt 11 litra d) endrast til: ”Kontrollkomité på 2 medlemer med 2 varamedlemer.”

For å vere gyldig må val vere gjennomført i samsvar med NIF-lova §§ 2-4 og 2-5.

Når det ved val skal veljast fleire ved ei avstemming, må alle, for å verte valde, ha meir enn halvparten av dei avgjevne stemmene. Dette gjeld ikkje ved val av varamedlemer. Dersom ikkje mange nok kandidatar har oppnådd dette i første omgang, vert dei valde som har fått meir enn halvparten av stemmene. Det vert så halde bunde omval mellom dei andre kandidatane, og etter denne avstemminga er dei valde som har fått flest stemmer. Er det ved omval stemmelikskap, vert valet avgjort ved loddtrekning.

§ 14 Ekstraordinært årsmøte i idrottslaget

Ekstraordinært årsmøte i idrottslaget vert innkalla av idrottslaget sitt styre minst 14 dagar på førehand etter:

- a) Vedtak på årsmøte i idrottslaget
- b) Vedtak i styret i idrottslaget
- c) Skriftleg krav frå 1/3 av medlemene i idrottslaget
- d) Krav etter vedtak i overordna organisasjonsledd: NIF eller idrettskrets.

Ekstraordinært årsmøte i idrottslaget skal berre handsame dei sakene som er med i vedtaket eller i kravet om innkalling av årsmøtet. Sakliste og nødvendige saksdokument skal følgje innkallinga.

§ 15 Idrottslaget sitt styre¹⁵

Idrottslaget vert leia og forplikta av styret, som er idrottslaget sitt høgste organ mellom årsmøta.

Styret skal¹⁶:

1. Iverksetje årsmøtet og overordna idrettsstyresmakter sine vedtak og avgjersler
2. Sjå til at idrottslaget sine midlar vert brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på årsmøte/ting eller av overordna organisasjonsledd. Styret skal vidare sjå til at idrottslaget har tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og ein forsvarleg økonomistyring¹⁷.
3. Etter behov oppnemne komitear/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeide mandat/instruks for desse
4. Representere idrottslaget utetter.

Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av medlemene i styret er til stades. Vedtak vert gjort med fleirtal av dei avgjevne stemmene. Ved stemmelikskap er møteleiaren si stemme avgjerande.

¹⁵ Denne høgste avgjerdsmakta kan ikkje, korkje heilt eller delvis, delegerast til andre organ/personar innan laget (det kan såleis ikkje lovfestast at "representantskap" e.l. skal kunne overprøve styret sine vedtak).

¹⁶ Dette er eit minimum av kva for oppgåver som skal leggjast til styret. Det er ikkje noko i vegen for at det kan gjerast vedtak om at styret skal ha andre oppgåver i tillegg.

¹⁷ Sjå NIF-lova § 2-17.

§ 16 Grupper/avdelingar/komitear

Idrottslaget skal ha valkomité som skal veljast på fritt grunnlag på årsmøtet i idrottslaget, etter innstilling frå styret, og har som oppdrag å leggje fram innstilling på kandidatar til alle andre tillitsverv som skal veljast på årsmøtet.

Laget kan organiserast med grupper og/eller avdelingar. Årsmøtet i laget gjer vedtak om skiping av grupper/avdelingar, og korleis desse skal organiserast og leiast. Dette vert vedteke i samband med årleg handsaming av idrottslaget sin organisasjonsplan, jf. § 12 pkt. 9.

Heile laget heftar for gruppene/avdelingane sine økonomiske plikter og ansvar, og grupper/avdelingar kan ikkje gjere avtaler eller representere idrottslaget utetter utan godkjenning frå styret¹⁸.

§ 17 Lovendring

Lovendring kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte i idrottslaget etter å ha vore oppført på saklista, og krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne stemmene.

Lovendringar må godkjennast av Idrettsstyret¹⁹, og trer ikkje i kraft før dei er godkjende.

Idrettsstyret kan i samband med godkjenning av lovene til underliggjande organisasjonsledd redigere desse slik at dei ikkje kjem i motstrid med vedtektene i NIF-lova.

§ 18 kan ikkje endrast.

Lovendringar gjort av Idrettstinget, som har konsekvensar for idrottslaget, trer i kraft straks.

§ 18 Oppløysing²⁰

Oppløysing av idrottslaget kan berre handsamast på ordinært årsmøte. Vert oppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte 3 månader seinare. For at oppløysing skal skje, må vedtaket også her gjerast med 2/3 fleirtal.

Samanslåing med andre lag vert ikkje rekna som oppløysing av laget²¹.

Vedtaket om samanslåing og nødvendige lovendringar i samband med dette skal gjerast i samsvar med vedtektene om lovendring, jf. § 17.

I tilfelle oppløysing eller anna avbrot av laget tilfelle laget sine eigenlutar NIF eller føremål godkjent av Idrettsstyret..

Ved konkurs vert organisasjonsleddet rekna som oppløyst og misser såleis medlemskapen i NIF. Ved konkurs gjeld reglane i konkurslova og dekningslova.

¹⁸ Dette tilseier m.a. at det berre er idrettslaget sitt styre (hovudstyret der laget har grupper/avdelingar med egne styre) som kan gjere tilsetjingar, inngå sponsoravtaler, evt. andre avtaler som bind idrettslaget reint juridisk/økonomisk.

¹⁹ Jf. NIF-lova § 2-15. Myndighet er delegert, jf. Delegasjonsreglement.

²⁰ Jf. NIF-lova § 2-16.

²¹ Ved samanslåing skal eldste skipingsdato og klubbnummer for dette idrettslaget brukast.